

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Innhald

INNLEIING	3
GENERELT OM DELEGASJON	3
1. Økonomi.....	3
2. Personalforvaltning	5
3. Utanrettslege pengekrav	7
4. Underskriftsfullmakter	7
5. Bruk av juridiske tenester.....	8
DELEGASJON ETTER SÆRLOV	8
1. Almindelig borgerlig Straffelov av 22.05.1902 nr. 10.....	8
2. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr 1	8
3. Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16	9
4. Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17	9
5. Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr 4 med forskrifter.....	9
6. Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr 2	9
7. Lov om friluftslivet av 28.06.1957 nr. 16	9
8. Lov om oreigning av fast eiendom av 23.10.1959 nr 3.....	10
9. Lov om rettshøve mellom grannar av 16.06.1961 nr. 15	10
10. Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster av 21.06.1963 nr. 12..	10
11. Veglov av 21.06.1963 nr. 23	10
12. Lov om voksenopplæring av 28.05.1976 nr. 35.....	12
13. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977 nr. 82	12
14. Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50.....	12
15. Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom av 23.06.1978 nr. 7014	
16. Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21.12.1979 nr 77	15
17. Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6	15
18. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) av 29.05.1981 nr 38	15
19. Lov om tannhelsetjenesten av 03.06.1983 nr. 54.....	15
20. Lov om havner og farvann m.v. av 08.06.1984 nr. 51	16
21. Lov om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) av 08.06.1984 nr. 58.....	16
22. Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108.....	16
23. Lov om stadnamn av 18.05.1990 nr. 11	16
24. Lov om megling i konfliktråd av 15.03.1991 nr. 3	16
25. Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr 47.....	17
26. Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring.....	17
27. Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og.....	18

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<h2>Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune</h2>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

28.	Lov om opplæring av 17.07.1998 nr. 61	18
29.	Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova) av 24.11.2000 nr. 82.....	23
30.	Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70.....	24
31.	Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets	24
32.	Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45	24
33.	Lov om folkehøyskoler (folkehøyskoleloven) av 06.12.2002 nr. 72	25
34.	Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56.....	25
35.	Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) av 04.07.2003 nr 83 med forskrifter	25
36.	Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) av 04.07.2003 nr. 84.....	26
37.	Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) av 7.06.2005 nr 62 jfr. Forskrift 03.08.2009 nr 1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller	27
38.	Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17.06.2005 nr 79	27
39.	Lov om mekling og rettargang i sivile saker (tvisteloven) av 17.06. 2005 nr.90. ...	27
40.	Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) av 15.05.2008 nr 35.....	27
41.	Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr 37.....	28
42.	Lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova) av 06.06.2008 nr. 84.....	28
43.	Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 71	29
44.	Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19.06.2009 nr 100.....	32
	DELEGASJON PÅ VEGSEKTOREN	33

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmactsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

INNLEIING

Gjennom Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune har fylkestinget delegert fullmakter til politiske organ og til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen sine fullmakter er nedfelt i del B. Delegasjon til fylkesrådmannen, i del C. Delegasjon etter særlov og del D. Delegasjon på vegsektoren.

Delegert mynde i dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast med mindre det går fram av fullmactsreglementet at vidaredelegering er tillate.

Vil politiske organ delegera mynde til administrasjonen, må det gjerast til fylkesrådmannen som leiar for administrasjonen.

All delegert mynde skal nyttast i samsvar med reglar om sakshandsaming som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og må liggja innan plan- og budsjetttrammer som er vedtekne av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

Krava til forsvarleg saksbehandling og dokumentasjon av saksbehandlinga er ikkje endra sjølv om myndet til å ta avgjerd er delegert til eit lågare nivå i administrasjonen.

Den som har fått delegert mynde, kan i særlege høve la overordna organ ta avgjerd i ei konkret sak.

I dette fullmactsreglementet er det under Generell delegasjon teke inn fullmakter innan økonomi, bygging, bygg- og eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald m.v., personalforvaltning, pengekrav og underskrifter, jfr. del B i Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune. Vidare er det under Delegasjon etter særlov teke med fullmakter innan område som er regulert i særlov, jfr. del C i Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune. Her er teke med også fullmakter gitt til politiske organ for på den måten å gi ein betre oversikt over kven som har fullmakter på det enkelte område.

GENERELT OM DELEGASJON

1. Økonomi


1.1 Økonomireglementet/Reglementet for finansforvaltning

Budsjett (økonomireglementet pkt. 2)

Økonomidirektøren har fullmakt til å vedta mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle. Denne fullmakta gjeld heile budsjettet.

Opplæringsdirektøren og fylkestannlegen har innanfor sine budsjettområde fullmakt til å vedta mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle.

Organisasjonsdirektøren har fullmakt til å vedta budsjettendringar som ikkje er prinsipielle i samband med fordeling av midlar frå ansvarsstadene 202 Retrettstillingar, 203 Tillitsvalde, 204 Attføring og omstilling,

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<h2>Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune</h2>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

206 Velferd for tilsette, 208 Kursutgifter og 210 Personalforsikring under organisasjonsstad 140 Organisasjonsavdelinga.

I denne fullmaktssamanhengen vert budsjettendring definert som budsjettmessig overføring av midlar frå ein organisasjonsstad til ein annan.

Leiarar for organisasjonsstader har elles fullmakt til å gjera mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle innanfor eigen organisasjonsstad.

Rekneskap (økonomireglementet pkt. 3)

Økonomidirektøren har slike fullmakter:

- Innanfor drift av skular og tannklinikkar å setja av midlar til disposisjonsfond for bruk i seinare år.
- Gjennomføra nødvendige strykingar ved rekneskapsavsluttinga i samsvar med § 9 i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning. Fylkesutvalet tek avgjerd dersom det er nødvendig å gjennomføra delvise strykingar av fondsavsetjingar.
- Tilvising for heile den fylkeskommunale rekneskapen. Denne fullmakta kan vidaredelegerast.

Finansforvaltning (reglement for finansforvaltning pkt. 7)

Økonomidirektøren har fullmakt til å gjennomføra den løpande forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål.

1.2. Bygg- og eigedomsforvaltning

Økonomidirektøren har slike fullmakter med unntak av det som er delegert til andre:

Bygging

Gjennomføring av fylkeskommunale byggeprosjekt og tilsyn med at dette vert gjort i samsvar med vedtekne føresetnader og fastlagd rutine.

Val av rådgjevar, entreprenør og leverandør.

Forvaltning, drift og vedlikehald

Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader eller lokale.

Erstatningssaker innanfor fylkeskommunen sitt forsikringsfond.

Fordeling av løyvingar til ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen.

Godkjenne utrangering, kassasjon, avhending av inventar og utstyr, når det er dokumentert at det ikkje kan gjerast nytte av det, med unntak for det som er delegert til andre.

Val av leverandør ved utstyrsinnkjøp og kjøp av tenester, med unntak for det som er delegert til andre.


Andre oppgåver

Tilsynsansvar for fylkeskommunen sin bygningsmasse.

Forsikringsordningar for fylkeskommunale bygg og utstyr.

Mindre grunnavståing og/eller arrondering av liten verdi.

Økonomidirektøren kan vidaredelegera fullmaktene under pkt. 1.2.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Opplæringsdirektøren, fylkestannlegen og direktøren for Bybanen Utbygging har innafor sine ansvarsområde slike fullmakter:

Godkjenne utrangering, kassasjon og avhending av inventar og utstyr, når det er dokumentert at det ikkje kan gjerast nytte av det.

Val av leverandør ved utstyrsinnkjøp og kjøp av tenester.

Direktøren for Bybanen Utbygging har slike fullmakter innanfor sitt ansvarsområde:

Gjennomføring av fylkeskommunale byggeprosjekt og tilsyn med at dette vert gjort i samsvar med vedtekne føresetnader og fastlagd rutine.

Val av rådgjevar, entreprenør og leverandør.

1.3 Generelt ved kjøp av varer og tenester

Alle kjøp skal gjerast i samsvar med lov om offentlige anskaffelser og forskrifter gitt i medhald av lova. Alle planlagde kjøp over kr. 500.000,- ekskl. mva innan opplæring og tannhelse skal meldast til innkjøpsseksjonen. For alle andre kjøp skal rammeavtalar brukast der slike er inngått.

2. Personalforvaltning

2.1 Tilsetjing (fast og mellombels)

Organisasjonsdirektøren har fullmakt til å tilsetja i alle stillingar i fylkesadministrasjonen med unntak for

- økonomidirektør
- opplæringsdirektør
- direktør for regionalavdelinga
- organisasjonsdirektør
- fylkeskultursjef
- fylkestannlege
- samferdselsjef
- direktør for Bybanen Utbygging

Organisasjonsdirektøren er likevel saksbehandlar i tilsetjings saker for nemnde leiarstillingar.

For stillingar der organisasjonsdirektøren har tilsetjingsmynde skal avdelingsdirektør, seksjonsleiar, og kontorleiar gi innstilling. Ved usemje kan saka leggjast fram for fylkesrådmannen.

Vedkomande administrative leiar, eller den han/ho gir mynde, innkallar til intervju i samråd med tillitsvalde og organisasjonsdirektøren. Administrativ leiar, eller den han/ho gir mynde, har ansvar for gjennomføring av intervju. Organisasjonsdirektøren, eller den han/ho gir mynde, kan delta i intervju.

Opplæringsdirektøren har fullmakt til å tilsetja rektor og ass. rektor ved vidaregåande skular og leiar for OT/PPT. Organisasjonsdirektøren er saksbehandlar i tilsetjings saker for nemnde stillingar.


Rektorane ved dei vidaregåande skulane har fullmakt til å tilsetja i andre stillingar ved den enkelte skule.

Leiar for OT/PPT har fullmakt til å tilsetja i stillingar innan eininga.

Fylkestannlegen har fullmakt til å tilsetja overtannlegar.

Overtannlegar har fullmakt til å tilsetja i stillingar ved tannklinikane i det enkelte distriktet.

Fylkestannlegen er saksbehandlar i tilsetjings saker innan tannhelsetenesta.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<h2>Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune</h2>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Direktøren for Skyss har fullmakt til å tilsetja i stillingar innan eininga.

Direktøren for Bybanen Utbygging har fullmakt til å tilsetja i stillingar innan eininga.

2.2 Omplassering

Organisasjonsdirektøren har fullmakt til å omplassera personale innan og mellom fylkeskommunale einingar. Omplassering skal skje i tråd med retningslinjene i Samarbeidsavtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen).

2.3 Overføring av overtallige

Organisasjonsdirektøren har fullmakt til å overføra overtallig personale innan og mellom fylkeskommunale einingar. Overføring skal skje i tråd med retningslinjene i Samarbeidsavtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen).

2.4 Redusert stilling

Den som har tilsetjingsmynde har fullmakt til å avgjera søknader om redusert stilling.

Der fullmakta er lagt til opplæringsdirektøren er organisasjonsdirektøren saksbehandlar.

2.5 Permisjon

Den som har tilsetjingsmynde har fullmakt til å avgjera søknader om permisjon.

Der fullmakta er lagt til opplæringsdirektøren er organisasjonsdirektøren saksbehandlar.

Nærmaste overordna har fullmakt til å avgjera søknader om permisjon for lesedag/eksamensdag, om velferdspemisjon og om permisjon for offentlig ombod, jfr. permisjonsreglementet.

2.6 Lønfastsetjing

Organisasjonsdirektøren har fullmakt til lønfastsetjing etter tingingar/drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane, jfr. hovudavtalen, med unntak for stillingane

- økonomidirektør
- opplæringsdirektør
- direktør for regionalavdelinga
- organisasjonsdirektør
- fylkeskultursjef
- fylkestannlege
- samferdselssjef
- direktør for Bybanen Utbygging


2.7 Godtgjersle/Påskjøning

Den som har tilsetjingsmynde har fullmakt til å ta avgjerd om

- telefongodtgjersle, jfr. reglement for telefongodtgjersle,
- flyttegodtgjersle, jfr. reglement for yting av flyttegodtgjersle og
- påskjøning, jfr. reglement for påskjøning og merksemd for tilsette i Hordaland fylkeskommune.

2.8 Utanlandsreiser

Opplæringsdirektøren har fullmakt til å avgjera søknader om utanlandsreise frå tilsette ved dei vidaregåande skulane og i OT/PPT.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Fylkestannlegen har fullmakt til å avgjera søknad om utanlandsreise for tilsette i tannhelsetenesta. Direktøren i Skyss har fullmakt til å avgjera søknader om tenestereise utanlands for tilsette i Skyss. Elles ligg fullmakta hos fylkesrådmannen.

2.9 Irettesetjing, oppseiing, suspensjon og avskil

Den som har tilsetjingsmynde har fullmakt til å gi formell irettesetjing, seia opp, suspendera og gi avskil. Unntak frå dette er stillingar der rektor, leiar for OT/PPT og overtannlegar har tilsetjingsmynde. Her har opplæringsdirektøren og fylkestannlegen innan sine ansvarsområde fullmakt til å gi formell irettesetjing, seia opp, suspendera og gi avskil.

Unntatt er også stillingar der direktøren for Skyss og direktøren for Bybanen Utbygging har tilsetjingsmynde. Her har samferdselssjefen fullmakt for stillingar i Skyss. Fylkesrådmannen avgjer saker som gjeld stillingar i Bybanen Utbygging.

Organisasjonsdirektøren er saksbehandlar for saker under dette punktet.

2.10 Innleige av arbeidskraft

Organisasjonsdirektøren har fullmakt til å inngå avtale om innleige av arbeidskraft, jfr. Arbeidsmiljølova kap. §§14-12 og 14-13, der han har tilsetjingsmynde.

2.11 Generelt

Avdelingsdirektør, seksjonsleiar, arbeidslagsleiar og kontorleiar har fullmakt til å ta avgjerd i alle personalsaker som ikkje er lagt til andre. Fylkesrådmannen tek avgjerd der han har tilsetjingsmynde. Leiar har elles det daglege personalansvaret.

2.12 Organisasjonsendringar

Opplæringsdirektøren har fullmakt til å vedta organisasjonsendringar som ikkje medfører endring i budsjettammene ved dei vidaregåande skulane. Elles er det fylkesrådmannen som godkjenner organisasjonsendringar i fylkeskommunen.

2.13 Vidaredelegering


Organisasjonsdirektøren kan vidaredelegera sine fullmakter etter pkt. 2 til personaldirektøren.

3. Utanrettslege pengekrav

Økonomidirektøren har fullmakt til å ta avgjerd om betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp under kr 250 000,-, og avslag på krav om betaling.

4. Underskriftsfullmakter

Økonomidirektøren har fullmakt til å skriva under avtalar/kontraktar som fell inn under fylkesrådmannen sitt ansvarsområde.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Avdelingsdirektør, seksjonsleiar, rektorar, overtannlegar, direktøren for Skyss og direktøren for Bybanen Utbygging har fullmakt til å skriva under kontrakt om fagleg oppdrag (konsulentavtale) innafor sitt ansvarsområde og vedteke budsjett.

Økonomidirektøren har fullmakt til å underskriva på vegner av fylkeskommunen alle avtalar/kontraktar som har grunnlag i vedtak fatta i fylkeskommunale organ.

5. Bruk av juridiske tenester

Økonomidirektøren har fullmakt til å bestilla juridiske tenester i samsvar med inngått avtale med advokat.

DELEGASJON ETTER SÆRLOV

Fylkestinget har delegert fylkeskommunen sitt mynde etter særlov til politiske organ og til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen har dels vidaredelegert sine fullmakter med slik

Administrativ delegering:

1. Almindelig borgerlig Straffelov av 22.05.1902 nr. 10

§ 79 nr. 5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) i saker som gjeld brotsverk mot fylkeskommunal eigedom og inventar, og til å krevja offentleg påtale av tilsette. I saker som gjeld påtale av tilsette kan fullmakta ikkje vidaredelegerast.

Fylkesordføraren har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) for andre lovbrotenn dei som er nemnd over.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt i saker som gjeld brotsverk mot fylkeskommunal eigedom og inventar er delegert til økonomidirektøren.

2. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr 1

§§ 4 og 32 jfr. § 48

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja skjønn, overskjønn eller takst.


Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegseksjefen for saker på vegsektoren. Fullmakta kan vidaredelegerast.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å engasjera juridisk bistand.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegseksjefen for saker på vegsektoren etter denne lova og innafor fylkeskommunen sin avtale med advokat. Fullmakta kan vidaredelegerast.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

3. Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16

§ 24

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå kultur- og ressursutvalet, å gje uttale i saker om søknad om konsesjon.

4. Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17

§ 6

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå kultur- og ressursutvalet, å gje fråsegn i saker om vassdragsregulering, under dette også konsesjonssøknader.

§ 11

Fylkesutvalet har fullmakt til å disponera midlar opparbeidde i vassdragsreguleringsfondet.

5. Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr 4 med forskrifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

Administrativ delegering:

*Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen for saker på vegsektoren.
Fullmakta kan vidaredelegerast.*

6. Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr 2

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja tinglyst dokument som gjeld grunnerverv til fylkesveganlegg.

Administrativ delegering:

*Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.
Fullmakta kan vidaredelegerast.*


7. Lov om friluftslivet av 28.06 1957 nr. 16

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å opptre, klaga og i tilfelle reisa søksmål for å ivareta ålmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet.

§ 24, 5. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å bringa inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter § 2 andre ledd, og §§ 15 og 16.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

8. Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr 3

§ 25

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om førehandstiltreding.

Administrativ delegering:

*Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegssjefen for saker på vegsektoren.
Fullmakta kan vidaredelegerast.*

9. Lov om rettshøve mellom grannar av 16.06.1961 nr. 15

Fylkesrådmannen har fullmakt til å handla på vegner av fylkeskommunen i saker etter denne lova.

I saker med vesentlege kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigedomshavar og som offentleg planstyresmakt er det likevel fylkesutvalet som har fullmakt til å ta avgjerd.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til økonomidirektøren.

10. Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster av 21.06.1963 nr. 12

§ 2, jfr. kgl.res. 13.03.1992

Fylkesutvalet har fullmakt til å tildela konsesjon for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus.

11. Veglov av 21.06.1963 nr. 23

§ 3

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker om å ta opp fylkesveg, kommunal veg eller privat veg som riksveg.

§ 7

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå samferdselsutvalet, å uttala seg om omgjerjing av riksveg eller å gjera vedtak om nedlegging eller omgjerjing av fylkesveg.

§ 8 jfr. § 7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å omdisponera mindre parsellar av fylkesveggrunn som er blitt til overs ved omleggingsarbeid m.v.


Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til samferdselssjefen.

§ 9

Fylkesutvalet har mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar.

§ 29, 4. ledd

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<h2>Fullmactsreglement for Hordaland fylkeskommune</h2>			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Fylkesrådmannen har fullmakt til for særskilt strekning å setja byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnd i andre ledd, likevel ikkje mindre 15 meter.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

§ 29, 5. ledd andre punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særskilde høve å fastsetja ei anna byggegrense for det einskilde krysset.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

§ 30, 4. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å gi retningslinjer for plassering av skogsvirke ved fylkesveg.

§ 38

Fylkesutvalet har fullmakt til å leggja ned byggjeforbod i område for planlagt veg og forlenga fristen for når forbodet skal falla bort.

§ 44

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja at eigar eller brukar av grunn ved vegen skal flytta eller endra gjerdet mot vederlag.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

§ 45

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja plassering av gjerde.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

§ 47

Fylkesrådmannen har fullmakt til å syta for at gjerde blir flytta, rive, endra eller sett i stand når det er oppsett eller innretta i strid med det som er fastsett i eller med heimel i § 45.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

§ 50


Fylkesrådmannen er vegstyresmakt etter denne paragrafen om eigedomsinngrep mot vederlag etter skjønn.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

§ 57

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Fylkesrådmannen er vegstyresmakt etter denne paragrafen om løyve til inngrep på eller nær eigedomsområdet til offentlig veg.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

Klage

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker der det er klaga over vedtak gjort i medhald av veglova og der fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans.

12. Lov om voksenopplæring av 28.05.1976 nr. 35

§ 4

Opplærings- og helseutvalet har fullmakt til å tildela tilskot til frivillige organisasjonar og institusjonar.

§ 19

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje forskrifter for fordeling av tilskot til vaksenopplæring i studieforbund.

13. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977 nr. 82

§ 5

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å gje fråsegn til utkast til forskrift om landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag, og om bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer når det ligg føre særlege grunnar.

14. Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50

jfr. Forskrift 09.02.1979 nr. 8785 om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven og Forskrift 30.04.1990 nr. 351 om delegering av myndighet etter kulturminneloven.

§ 3, andre ledd første punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera at marka over eit automatisk freda kulturminne ikkje skal kunna nyttast til beite vidare.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 3, andre ledd andre punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.


Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja sikringssone.

Administrativ delegering:

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmactsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 8

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot og handsama meldingar om tiltak som kan virka inn på automatisk freda kulturminne.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 9 andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot planar om og be om fristforlenging.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 11

Fylkesrådmannen har fullmakt til å registrera og vedlikehalda m.v. automatisk freda kulturminne, med unntak for dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 13

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot meldingar om funn av lause kulturminne.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 15a

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtak om freding og fredingsreglar som ikkje fører til vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 17

Fylkesrådmannen har fullmakt til å undersøkje freda bygning som står i fare for å forfalla grunna manglande vedlikehald, og gje pålegg om istandsetjing ved forsømt vedlikehald av freda bygning, anlegg m.v og oppfølging av pålegg om istandsetjing med unntak av dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

Administrativ delegering:


Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 18 første ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding om freda bygning, anlegg m.v. som er skada ved brann eller liknande, og avgjera om denne skal setjast i stand eller gjenreisast med unntak av dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmactsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

§ 18 andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding når forsikringstilfelle er oppstått og avgjera at forsikringssummen ikkje skal utbetalast før saka er avgjort etter første ledd med unntak for dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 19 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtaket om freding og fredingsreglar for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 20 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtak om freding og fredingsreglar for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 21

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra skjøtsel i område freda etter §§ 19 og 20.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker om endeleg freding.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om mellombels freding inntil saka er avgjort, med unntak for samisk kulturminnevern.

§ 25

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding, søknad, og vedtak om tiltak som er omfatta av lova.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

15. Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom av 23.06.1978 nr. 70

§ 2-1


Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja kartforretning.

§ 3-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja delingsforretning.

§ 4-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å stadfesta eigedomsforhold ved eigenfråsegn ved registrering av grunn til veg og jernbaneformål.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

16. Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21.12.1979 nr 77

§ 5, 9. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja jordskifte og vera partsrepresentant i samband med jordskifte.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til regionvegsjefen for saker på vegsektoren. Fullmakta kan vidaredelegerast.

17. Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6

§ 81

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera enkeltvedtak etter § 83 i saker der fylkeskommunen er forureiningsstyresmakt.

18. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) av 29.05.1981 nr 38

§ 21, 2. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til for bestemte område og tidsrom å auka eller minska avstanden på 2 km frå land, under dette også holmar og skjær, der det er forbode å driva jakt frå motorbåt eller anna flytande eller svevande fartøy drive med motor.

§ 51, 1. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å godkjenna fastsetjing av skotpremie.

Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra 1. april 2007 til og med 31. mars 2012 av 01.02.2007 nr 112

§ 3

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja forskrifter om utvida eller innskrenka jakttid for elg og hjort, og å opna for eller utvida jakt på kanadagås og stripegås.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avstå frå høyring på endring når det ikkje er grunnlag for det.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til direktøren for regionalavdelinga.


19. Lov om tannhelsetjenesten av 03.06.1983 nr. 54

§ 2-3

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker.

§ 4-2

Fylkesutvalet har fullmakt til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmactsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

20. Lov om havner og farvann m.v. av 08.06.1984 nr. 51

§ 8

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter fråsegn frå samferdselsutvalet, å gje fråsegn i saker der departementet gjev løyve til bygging av kaianlegg m.v.

21. Lov om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) av 08.06.1984 nr. 58

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming. Vil konkursen føra til tap av arbeidsplassar, skal saka likevel leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd.

22. Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

§ 8

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja reglement for fylkesbiblioteket.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

§ 9

Fylkesutvalet har fullmakt til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift med ein eller fleire kommunar.

§ 10

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om samarbeid mellom skulestyresmakta i fylket og fylkeskommunen om bibliotekfaglege spørsmål.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til fylkeskultursjefen.

23. Lov om stadnamn av 18.05.1990 nr. 11

§ 6

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l

§ 7

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune.

§ 8


Fylkesutvalet har fullmakt til å klaga på vedtak om skrivemåten.

24. Lov om megling i konfliktråd av 15.03.1991 nr. 3

§ 5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi samtykke til megling i konfliktrådet.

§ 7

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Fylkesrådmannen har fullmakt til å møta på vegner av fylkeskommunen på meklingsmøte i konfliktrådet.

25. Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr 47.

Forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvannsorganismer (1993-11-11 nr 1020).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera søknader om utsetting av fisk.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til direktøren for regionalavdelinga.

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (2004-11-15 nr 1468).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera søknader om fysiske tiltak i vassdrag som kan innverka på fiskebestanden eller andre ferskvassorganismer i vassdraget, positivt eller negativt.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til direktøren for regionalavdelinga.

Forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps (1992-12-30 nr 1232).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi løyve.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til direktøren for regionalavdelinga.

Fullmakta kan vidaredelegerast.

Forskrift om fiske etter innlandsfisk mv. og fangst av kreps (2009-06-26 nr 851 (innlandsfiskeforskriften))

§ 2 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å forby fiske av artar det er tillatt å fiska på etter føresegner, dersom arten lokalt eller regionalt er trua.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til direktøren for regionalavdelinga.


§ 4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å bestemma nærmare reglar om regulering av fisket.

26. Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) av 26.06.1992 nr. 86

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setja i verk dei tiltak tvangsfullbyrdingslova heimlar når det gjeld sikring og inndrivning av uteståande pengekrav, og å fullbyrda krav og rettar som gjeld anna enn betaling av pengar. Han har og fullmakt til å kasta ut leigetakar når leigetida er ute eller leigesummen ikkje er betalt i rett tid.

Fylkesrådmannen har fullmakt i kurante saker og innafor ei kostnadsramme på kr.250.000,- til å nytta dei rettsmidla som er nødvendige for å få fullbyrda saka.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Fullmaktsreglement for Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkesrådmannen	Gjeld frå: 10.12.2010	Tal sider: 34
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 28.01.2008	Revidert dato: 06.12.2010 02.07.2010 15.01.2010 10.11.2008 15.05.2008 15.04.2008 25.03.2008 09.03.2008	Arkivsak: 200800994-28

Fylkesutvalet har fullmakt til å nytta anke, krevja oppfrisking, krevja saka teken opp på ny eller å nytta andre rettsmiddel.

27. Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr. 100

§ 7, 2. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja transportvilkår når fylkeskommunen gir tilskot til lokal jernbane i fylket.

28. Lov om opplæring av 17.07.1998 nr. 61

§ 1-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om løyve til at det vert gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til opplæringsdirektøren.

§ 3-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta inn elevar til vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen har fullmakt til etter søknad å gje elev eller lærling løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten til opplæring tek slutt.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utvida retten til vidaregåande opplæring med inntil eitt år etter søknad om omval.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om at elev som etter reglane i kap. 5 har rett til spesialundervisning kan få vidaregåande opplæring i ytterlegare 2 år når eleven etter sakkunnig vurdering treng det.

Fylkesrådmannen skal tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgja den opplæringa som er vald.

Opplærings- og helseutvalet kan påleggja elevane, lærlingane og lærekandidatane å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.


Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 opplæring etter § 4A-3 i staden når det ligg føre særlege grunnar.

Administrativ delegering:

Fylkesrådmannen si fullmakt er delegert til opplæringsdirektøren.

